

Norvald Rikstad  
Lagmannsneset 20  
5943 Åustrheim

Austrheim kommune  
Planavdelinga  
Sætremarka 2  
5943 Austrheim

### **Kommuneplan – offentleg høyring – merknader til planframlegget i strandsona ved gnr/bnr 156/126**

Det vert vist til at planframlegg til ny kommuneplan er lagt ut til offentleg høyring med frist til å koma med merknader innan 1. juli. 2016.

Eg vil koma med merknader til område SB N6 der strandsona er regulert til LNFR-areal med spreidd bustadbygging:

Dersom eg har tolka kartet og føresegner riktig, er det lagt inn ei byggegrense mot sjø nærmere enn 100-metersbeltet, men ikkje så nær sjø at det er lovleg å byggja ut både på etablerte naust og å byggja på frådelte naustetomtar samt for dei som har naustrettar i området utan omfattande dispensasjonssøknader og kostbar og lang sakshandsaming. I dette området har også eg ein frådelt naustetomt på gnr/bnr 156/126 som vil bli råka av forbodet.

I strandlinia er det i dag eit etablert naustområde/naustmiljø og eg registrerer at det i tilsvarende områder i kommunen er regulert til naustområder.

Eg ber om at arealføremålet i det allereie etablerte naustmiljøet blir endra frå LNFR til NA-naustområde.

Austrheim, 20.06.16

Norvald Rikstad  
*Norvald Rikstad*